

Oppsummering av kafeborddialog / innspel til kommuneplanarbeidet

Den 9. april inviterte ungdomsrådet rektorar, inspektørar, elevrådskontakter, FAU-leiarar og elevråda i grunnskulen (5. – 10. kl) og ved Gjermundnes VGS, kommunalsjefar, politikarar og politi til orientering og diskusjon i sitt utvida møte i kommunestyresalen.

I første delen av møtet var det orientering ved mobbeombodet i fylket, og i del to leia ungdomsrådet kafeborddialog for 30 deltakarar som var inndelt i 5 grupper.

Alle spørsmål vart stilt eit og eit, og alle innspel vart skrivne på lappar. Gruppene samordna innspela, og diskuterte seg fram til kva for tre innspel dei synes var dei viktigaste for kvart av spørsmåla.

Ordskyene er laga ved gjennomgang av innspel, der dei som har blitt nemnt oftast, er mest synleg i skya. I tillegg kjem det ein tabell der ein kan sjå alle innspel som kom inn, før ei oppsummering. I oppsummeringa er det sett søkelys på dei tre innspela til kvart spørsmål som vart oftast nemnt.

Spm. 1: Kva er bra i Vestnes?



Natur og friluftsliv	<p>Veldig fin natur Gode friluftsmoglegheiter StikkUT Vi bur tett på flotte naturområde</p>
Kultur og fritid	<p>Godt og variert kulturtilbod Rikt kulturliv Flott bibliotek Smud Mange fritidstilbod – «alltid» noko som skjer Gode gratis tilbod til ungdom Gode lavterskeltilbod</p>
Arbeid	<p>Variert arbeidsmarknad Aktivt lokalt næringsliv Gode jobbmoglegheiter Lav arbeidsløyse</p>
Folk	<p>Mange flinke og trivelege folk Imøtekomande folk Inkluderande og ope samfunn Mange kjenner mange Fint å kjenne «alle» Godt samhald God dugnadsånd Godt fellesskap</p>
Skule og oppvekst	<p>Gjermundnes VGS Bra med nærskular Trygg kommune både på dag- og kveldstid</p>
Plassering	<p>Midt mellom tre byar Sentralt God plassering Kompakt sentrum Godt kollektivtilbod til Molde og Ålesund</p>

Spm. 2: Kvar vil vi? Kva mål/ planar/ visjonar har vi realisert innan 2036?



Skule og oppvekst	<p>Ny felles ungdomsskule der alle trivst og har det bra</p> <p>Gode barneskular</p> <p>Nyskaping i skulen – sett Vestnes på kartet</p> <p>Betre skulehelseteneste med fleire helsesjukepleiarar</p> <p>Oppgraderte skulebygg</p> <p>Lavare mobbetal og høg trivsel på skulane</p>
Kultur og fritid	<p>Ny kulturskule</p> <p>Fleire møteplassar for ungdom</p> <p>Auka frivilligheit og dugnadsånd</p> <p>Fortsatt godt og variert kulturtilbod</p> <p>Fotballhall</p> <p>Hoppetårn</p> <p>Nye badeplassar</p>
Arbeid/kompetanse	<p>Betre jobbmoglegheiter</p> <p>Innovativ kommune – nye idear blir skapte i Vestnes</p> <p>Vi har eit senter for nyskaping</p> <p>Gode rammevilkår for næringslivet</p> <p>Fleire og meir varierte arbeidsplassar</p> <p>Vere ein berekraftig kommune</p> <p>Fortsette med å ivareta arbeidsplassar</p> <p>Kompetanseauke i befolkninga</p> <p>Fleire med høgare utdanning</p> <p>Utvikle turismen</p>
Økonomi	<p>Vi har økonomi til å gi gode tilbod til barn og unge</p>
Andre innspel	<p>Vi har mange heimflyttarar</p> <p>Reell folkevekst</p> <p>Betre eldreomsorg</p>

	Fleire bustader for unge/førstegongsetablerte Betre tenestetilbod Oppgraderte bygder Nye vegar Godt kollektivtilbod i heile kommunen Heile kommunen sine innbyggjarar arbeider for felles mål: eitt felles idrettslag og ein felles ungdomsskule
--	---

Spm. 3: Kva treng vi for å nå måla våre?



Folk	Auka folketal Fleire barnefamiliar Stå-på vilje, motivasjon, pågangsmot og gjennomføringsevne At vi arbeider mot samme mål Unge/unge vaksne med gode verdier og haldningar At unge kjem tilbake etter endt utdanning/fleire heimflyttarar Fleire bustader Sosiale ungdommar Folk i arbeid Engasjement Eldsjeler innanfor idretten Bygdene må samarbeide meir Samarbeid på tvers av alle samfunnsgruppene
Skule/oppvekst	Gode skuletilbod Betre skulehelseteneste Bli betre på ungdomsarbeid

	<p>Gode møteplassar</p> <p>Fleire aktivitetar for ungdom</p> <p>Godt utdanna lærarar</p> <p>Auka fagleg nivå i skulen</p> <p>Betre oppfølging av barn og unge frå barnehage til ungdomsskule</p>
Økonomi	<p>Pengar til vedlikehald og nybygg</p> <p>Større økonomisk ramme</p> <p>Sunn og stabil økonomi</p> <p>Rette politiske prioriteringar</p>
Arbeid/Kompetanse	<p>Tilgang på kunnskap og rett kompetanse</p> <p>Fleire fagpersonar til ulike yrke, spesielt innanfor skule- og helsesektoren</p> <p>Ressurspersonar må få utfalde seg</p> <p>Nytenking – vi treng folk som tør å satse på utvikling i kommunen</p> <p>Betre jobbmoglegheiter</p> <p>Attraktive arbeidsplassar</p>
Helse	<p>Betre skulehelseteneste og helsetenester generelt</p> <p>Auka fokus og hjelp til barn og unge som slik psykisk</p>
Andre innspel	<p>Betre kollektivtilbod</p> <p>Bestillingsbuss/flexibuss</p> <p>Samarbeid mellom det offentlege og private</p>

Spm. 4: Kva hindrar oss?



Økonomi	Dårleg kommuneøkonomi Økonomi Politisk usemje og mangel på prioritering Feilprioritering
Folk	Lite framsnakking av kommunen Lite framsnakking av yrker innanfor helse- og skulesektoren Lite Vi-kultur Manglar fellesaktivitetar som skaper samhald t.d. grendacupar Nedgang i antal frivillige Negative haldningar Lite engasjement Usemje Bakoverlent tankegang Manglande vilje og handlingskraft Bygdekrangel og bygdestrid Fråflytting
Skule/oppvekst	Dårlege skulebygg Dårleg skulemiljø Unge er ikkje godt nok kjent med moglegheit for medverknad
Arbeid/kompetanse	Få med rett kompetanse som flytter hit Mangel på arbeidskraft Mangel på fagpersonell og kompetanse For få gründerar Stagnasjon og ikkje utvikling
Andre innspel	Dårleg kollektivtilbod gjer det vanskeleg for dei utan bil å møtast eller delta på aktivitetar Absolutely nothing – om vi berre vil!

Oppsummering – innspel frå utvida ungdomsrådsmøte

Her er dei tre innspela som fekk mest fokus totalt sett – på kvart av dei fire spørsmåla som vart stilt.

Kva er BRA i Vestnes?

Natur og friluftsliv

Den flotte naturen i Vestnes blir trekt fram som ei styrke. Det er korte avstandar til gode turmoglegheiter og naturopplevingar.

Kommunen har eit rikt kulturliv og gode fritidstilbod

Det er eit variert tilbod av ulike aktivitetar å delta på. Det blir trekt fram at vi har gode lavterskeltilbod og gratis aktivitetar for ungdom i tillegg til dei meir «tradisjonelle» idretts- og kulturtilboda. Biblioteket og Smud blir nemnt som gode møteplassar.

Plasseringa i fylket

Vestnes er plassert midt i fylket og mellom tre byar. Vi ligg sentralt til og det er enkelt å nytte kollektivtransport når ein skal til Molde eller Ålesund.

Fleire av gruppene legg også vekt på at det er trygt å bu og opphalde seg i Vestnes, både på dag- og kveldstid.

Kvar vil vi? Kva mål/planar/visjonar har vi realisert i 2036?

Vi har ein ny felles ungdomsskule

Dette var eit prioritert innspel i alle fem gruppene. Målet er ein ny ungdomsskule der alle trivest og har det bra.

Betre kollektivtilbod

Det er godt kollektivtilbod når ein skal ut av kommunen, men innanfor kommunegrensa er mangelfullt kollektivtilbod til hinder for deltaking på aktivitetar på ettermiddag og i helgene. Det blir lagt vekt på at det må på plass eit betre tilbod i heile kommunen, også i utkantane.

Gode møteplassar

Kommunen treng gode møteplassar for barn og unge, og økonomi til å ha gode tilbod til denne aldersgruppa.

Kva treng vi for å nå måla våre?

Betre økonomi

Det er semje om at økonomien spelar ei stor rolle for å nå måla. Det er nemnt både generelt, men også spesifikt som at økonomi til å drifte frivilligheita og til å ha gode tilbod til ungdom er viktig.

Samarbeid og stå-på vilje

Samarbeid i ulike former er viktig for å nå måla. Samarbeid mellom bygdene, mellom private og offentlege aktørar, og mellom lag og organisasjonar kan føre til mindre bygdestrid, meir framsnakking av kommunen og bygge ein Vi-kultur.

Betre oppfølging av barn og unge

Mange barn og unge slit psykisk, og oppfølginga bør vere samanhengande frå barnehage til ungdomsskule. Betre skulehelseteneste og tilrettelegging for fleire aktivitetar og møtestader for ungdom er også trekt fram som viktig.

Kva hindrar oss?

Økonomi

Dei økonomiske ressursane strekk ikkje til, og det blir og peika på at politisk usemje og mangel på prioriteringar er til hinder for å nå måla.

Kompetanse

Vi manglar arbeidskraft, og det er ei utfordring at få med den kompetansen vi treng flyttar til eller heim til kommunen. Fråflytting og at unge ikkje kjem tilbake etter endt utdanning er også moment som går igjen.

Bygdestrid

Krangel, manglande samarbeid mellom bygdene og lite vi-kjensle blir trekt fram som eit hinder for utvikling. Felles aktivitetar som t.d. grendacupar og andre større arrangement som krev samarbeid kan vere med på å styrke fellesskapskjensla.

Referent

Ingrid Skjegstad
Kulturrådgivar



Møtearrangør Vestnes ungdomsråd saman med ordførar, mobbeombod og elev- og lærlingombod. Bak f.v. Ordførar Randi Bergundhaugen, Magnus Jensen, Michelle Gjerde, Emma Sofie Vik Vasseli, Sofia Nerås Eide, Karoline Nerås Eide, Bjørnar Wernberg Aas og mobbeombod Kristin Øksenvåg. Framme f.v. Kenni Eyiram Dogbey, Tuva Johanne Rypdal Hovden og elev- og lærlingombod Tove Regine Stranden.

